



Linda Helen Skålevik Syslak
Hoplandssjøen 79
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/729 - 23/5410

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
09.06.2023

Løyve til ny avkjørsle til gbnr 155/36 - Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 080/23

Vi syner til søknad motteke 07.06.2023 .

Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og §43 gir Austrheim kommune på vilkår løyve til etablering av ny avkjørsle til parkeringsplass ved bustadhuset på gnr. 156 bnr. 36 på Hopland, eller rett til utvida bruk av eksisterande avkjørsel som er 15 meter nord for denne eignedomen. Avkjørsler skal utformast som eit T-kryss.

Vilkåret er at hekk vert fjerna slik at frisikta frå denn nye avkjørsla vert i samsvar med veglova.

Eksisterande eldre avkjørsel i sør må stengast når ny avkjørsel vert teke i bruk.

Om det vert utvida bruk av eksisterande avkjørsel i nord må vegrett/bruksrett tinglysast.

Grunngjevinga for vedtaket er at dette tiltaket gir tryggare vegtilkomst for denne bustadeigedomen.



Saksutgreiing:

Austrheim kommune viser til søknad datert og sendt til kommunen den 02.08.2021, dette skrivet vart motteke av sakshandsamar på e-post frå søkjar den 08.06.2023. I skrivet under er grunngjevinga for å etablera ein ny tilkomst/avkjørsel lista opp slik:

Trygve Syslak
Hoplandssjøen 79
5943 Austrheim

Hopland 02.08.2021

Austrheim kommune
Teknisk etat v/ Rolf Henning Myrmel
Sætre marka 2
5943 Austrheim

Søknad om avkjørsel

I samband med utbetring av drenering av tomt og fjerning av store, uønska grantre, har eg behov for å opparbeida ny tilkomst/avkjørsel til/frå Hoplandssjøen 143. Det er ikkje råd å komme til med større maskiner via eksisterande avkjørsle frå tomta.

Legg ved skisse av tiltaket.

Tiltaket vil ikkje vera til hinder for øvrige eigedommar, eller auke belastninga på kommunal veg til Hoplandssjøen kai.


Dersom noko er uklart, ta kontakt på tlf 92813491, eller epost terlsy@online.no

Mvh
Trygve Syslak

Synfaring med skashandsamar vart halde den 08.06.2023 saman med grunneigar. Saka er drøfta med andre tilsette i Austrheim kommune på teknisk, dvs. Atle Vaage og Rolf Henning Myrmel.

Austrheim kommune skal i vurderinga om ny avkjørsle til kommuneveg leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkjørsel frå. Me legg til grunn at det vert etablert ein parkeringsplass som skal køyre ut i kommunevegen frå bustadhuset her. I rammeplanen ligg vegstrekninga i lite streng haldningsklasse. Det er låg fart og tilfredsstillande sikt på strekninga, om hekken vert fjerna. Austrheim kommune vurderer det slik at ein trafikkauke knytt bilar som skal nytte parkeingsplassen ved huset her er så liten at me kan gje løyve til ny avkjørsle her.

På denne vegstrekninga er det 50 km/t, dette er undersøkt, fartsskiltinga er og i samsvar med dette. Det betyr at 4 meter inne på den nye avkjørsla skal det vera frisikt 45 meter til begge sider. Dette for å tryggja dei som bur her, men og for dei som køyrer på kommunevegen her. Sjå tabell under:



Hvis avkjørselen din munnar ut i vegen må høyde på hekk og gjerde ikke overstige 0,5 meter over gateplan.

Hekk og gjerde kan også flyttes utenfor frisiktsonen, merket med rødstiplet strek.

Det må være 4 meter fri sikt inn i avkjørselen. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørselen din, skal du kunne se vegen 45 meter til hver side dersom fartsgrensen er 50 km/t, og videre øker avstandene med farten slik figuren illustrerer.

Eigaren eller brukaren av avkjørsle har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkjørsle til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Austrheim kommune trekkje tilbake løyvet. Avkjørsle skal utformast som eit T-kryss. Innanfor frisiktsoner må ikkje vegetasjon, murer, gjerder eller liknande vera høgare enn 0,5 m over tilstøytane vegar sitt nivå. Austrheim kommune ber om at granhekk mot avkjørsle til molo/naustområdet på Hopland vert teke vekk, denne er farleg for trafikktryggleiken i området, særleg for born og unge som er spontane i sin kvardag langs vegane våre.

Løyvet blir gitt i samsvar med forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982. Det er viktig for private grunneigarar og brukarar at eit formelt løyve vert gjeve i tråd med veglova i slike saker, det gjer betre trafikktryggleik for alle, men og for eventuelt forsikringstakar i samband med ulykker/skade på slike stadar som kan skje.

Austrheim kommune beklagar at det ikkje er gjort vedtak i denne saka tidlegare. Me er glad for at de som eigarar tok initiativ her for å få på plass ein betre trafikktryggleik i området, og til og frå huset her.

Opparbeiding av parkeringsplass ved huset her er ikkje eit søknadspliktig tiltak, det er heller ikkje etablering av ein ny tilkomstveg på om lag 15 meter frå gbnr. 155/14 til gbnr. 155/36. Denne nye tilkomstvegen må plasserast minst 1 meter frå eigedomsgrensa mot kommunevegen her. Frisikta må vera god opp mot tilkomstvegen til gbnr. 155/80, minst 20 meterfrisikt fire meter innpå (T-kryss her og). Ver obs på **vassleidinga** i området, ta kontakt med VA-avdelinga i kommunen om du er usikker på noko her. Sjå vedlagt kart under:



Ny tilkomstveg må vera minst 1 meter aust for eigedomsgrensa til kommuneveg.

Den må ikkje etablerast slik at den kan koma i konflikt med den kommunale vassleidninga som ligg i området, sjå blå strek i kart over, men her kan det vera avvik frå faktiske tilhøve.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål i saka. Gi beskjed når tiltaket er ferdig.

Lykke til med tiltaket.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vedlegg:

Mottakere:

Linda Helen Skålevik Syslak

Hoplandssjøen 79 5943

Austrheim

Trygve Erlend Syslak

Hoplandssjøen 79 5943

AUSTRHEIM